

**Det er no blitt kjent at Marit Larsen dessverre ikkje kan opptre på Festidalen slik planen var. Festidalenleiinga kan melda om at dei har fått inn ein kanonbra erstattar i Stavanger-artisten Morten Abel.**

Morten Abel har som kjent vore i eliteklassen blant norske rockarar heilt frå han slo igjennom som frontfigur i Stavangergruppene Mods og The September When. Etter det har han hatt ei lang, suksessrik og mangfaldig karriere. Han har heile tida vore ein ettertrakta artist; - han er ein suveren live-artist, og i tillegg er han både prisbelønna, og har selt dungavis av sine mange plateutgiversar! Derfor er det heilt på sin plass at denne store artisten vert ein del av programmet under kvalitetsfestivalen Festidalen!

Morten Abel appellerer til eit breitt publikum, - både dei unge og dei godt vaksne. Han har og vore mykje nytta i ulike TV-samanhengar. Sist vinter var han sentral i den populære serien 'Hver gang vi møtes.'

Festidalen misser ein fin artist når Marit Larsen fell ut av programmet, men dei får og inn ekstra krydder når erstattaren heiter Morten Abel! Festidalenleiinga melder og at det er med god støtte frå hovudsponsor Harding dei har fått til denne lukkelege løysinga.



Meir om dette og anna Festidalenstoff finn de ved å klikke på [Festidalen si heimeside](#).

Tekst: Thor Inge Døssland